

## NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 23

Fylke: Rogaland

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Randaberg

Emne: Bordskikk ti hverdags

Bygdelag:

Oppskr. av: Tønnes Goa

Gard: Goa

(adresse): Eiganesveien 24, Stavanger G.nr.

Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Eiga røynsle

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

## SVAR

Med få unntak var bordskikken nokonlunde eins i heile bygda vår. Det vanlege var (og er) at ein åt i stova, ikkje i kjøkenet, og alle var sessa ved same bordet og åt samematen. Alle sat ved bordet, ingen sto. Bordet sto ved vindusveggen, husbonden sat i "högsetet", d.v.s. den plassen ved bordet der han kunne legja högre ålbo-gen i vinduskarmen. Tvers over bordet var plasse åt eldste sonen. kona, som hadde oppsynet med serveringa, hadde plassen sin ved "nedre" enden av bordet. No til dags står ikkje bordet ved veggen lenger, og plassane ved bordet er ikkje so faste som fyrr. Litt handvask fyre ein gjekk til bords, måtte jo for det meste til, men so særlig nöye var ein ikkje med handvasken. No for tida er det jo onnorleis. Ingen av mannfolka måtte ha hovudplagg på ved bordet. Før og etter maten las ein av oss borna bordböna. Det var vanleg - endåtil i selskaper - å eta av same fatet. Det er det jo slutt med for lenge sidan. Eg såg aldri at gryta vart sett direkte på bordet. Dersom det falt seg slik at framande åt saman med familien, måtte han bruka husets skikk.

- Sp. 14. Det var heilt vanleg å laga "bede". Det vart gjort gjort på den måten<sup>ein</sup> la kjøtt (fisk) og poteter på eit stykke flatbröd, og so ein flatbrödbete over.
- " 15. Det var vanleg å gjera det.
- " 16. Det var god nok skikk för, ikkje no lenger.
- " 17. For 40-50-60 år sidan såg me sjeldan at nokon brukte gaffel.
- " 18. So langt attende som nokon hugsar, har bordkni- var vore i bruk.
- " 19. Då eg var liten, såg eg ymse stader at treskei- er eller hornskeier var i bruk, og eg höyrde om at dei turka av kvar si skei og la ho burt på ein fast plass. For minst 60 år sidan vart det heilt slutt med det
- " 20. Steinty-tallerkener har vore i bruk so lenge eg kan minnast. Men til kvardags var det til for lat oss segja 50 år sidan - vanleg å bruka ein flatbrödleiv i staden for tallerken. Eting av fellesfat varde nok eit ti-år lenger.
- " 21- 22. I min barndom og ungdom brukte ein ikkje bordduk til kvardags. Bordplata vart vaska, og so greide ein seg med det. So kom voksduken i bruk.



- Sp. 23. Sume stader høyrdde eg om at husmora etla ut ma-  
 -25. ten . Men dei fleste stader, truregg, kunne kvar  
 ta til seg av maten det han ville. Husbond fyrst.  
 Dei som etla ut maten, fekk ord på seg for å  
 " 26. vera "pinen" med maten  
 " 26. Dette kan eg ikkje svara på.  
 " 27. Ja.  
 " 28. Om dette kan eg ikkje segja meir enn det eg har  
 sagt för.  
 " 29-31. Snakkamog le ved bordet var nok tillete innahfor  
 rimelege grenser. Men å syngja var tabu. "Han  
 visste ikkje at kona var galen för ho tok ti å  
 syngja ved bordet".  
 " 32. Ja, for då skulle bordböna etter maten lesast.  
 " 33. Det var så ymist med det.  
 " 34. "Signe maten", eller "Velbekomme maten", eller  
 ingen ting.  
 " 35-36. Det kom an på kor framand han var eller kor  
 lang veg han hadde hatt.  
 " 37. Vanlegvis ja.  
 " 38. Nei.  
 " 39. Som fyrr nemnd var det ikkje vanleg å eta i  
 kjøkenetå Det einaste kunne vera profesjonelle  
 tiggjarar og fantar. Andre gjester måtte eta i  
 stova, og om det fall seg so, saman med husfar  
 eller husmor.  
 " 40. Det var mangel på folkésikk hjå båe partar, om  
 ein ikkje måtte nöggja maten på xøkk gjester.  
 " 40. No til dags er dette blitt avleggs.  
 " 41. Ingen markert fast skikk for dette.